



Magne Heggøy snikrar sjølv

**Eigentleg er han leiår for radiografane ved sjukehuset på Stord. Men Magne Heggøy er også vert ved Rabben Feriesenter og no har han hatt permisjon i eitt år for å ta seg av den oppgåva. Som den allsidige kar han er svingar han hammaren i Uskedalen no om dagen. Han tek seg sjølv av utvidinga av servicebygget og påskeferie er eit ukjent begrep.**

- Eg skal i alle fall få fullført bygget utvendig til påske, det er viktigst, seier Magne som presiserer at han har ein bror i bransjen som står ansvarleg for denne viktige satsinga. Han heiter Jostein og bur på Askøy.

Utvidinga av servicebygget var etter Magnes meining absolutt naudsynt hvis Rabben skulle følgja med tida og no håpar han at gjestane vil setta pris på investeringa.

- Og du har økonomi til dette?

- Det håpar eg, er svaret.

Rabben har i alle fall ein solid basis i form av eit godt belegg for tida. Hyttene er fulle, men ikkje av korkje påsketuristar eller andre turistar. Det er derimot arbeidsfolk som fyllar dei - Hellesøytilsette og tilsette ved lakseslakteriet på Sunde.

Innslaget av påsketuristar har vore beskjedent sjølv frå Bergen, men Magne

reknar med at det vil verta eit visst innsig av bubilar før skjærtorsdag. Og sommarbelegget verkar rimeleg positivt.

- Det svake innslaget av påsketuristar har nok samanheng med det kalde veret, antar Magne.

Berre ein ting verkar han smårritert over - at det dreg ut med monteringa av kommunen sin pumpestasjon som ligg i servicebygget.

- Har du sagt opp jobben på sjukehuset?

- Nei, det har eg ikkje.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Servicebygget tek form